

## Referat frå styremøte nr. 2-2020

**Dato:** 25. februar 2020

**Tid:** Kl. 08.30-10.00

**Stad:** FN-laben på NMK i Ålesund

### Til stades frå styret i SR:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordførar i Stranda kommune)  
Nestleiar Vebjørn Krogsæter (varaordførar i Ålesund kommune)  
Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordførar i Ålesund kommune)  
Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)  
1. vara ordførarar Geir Inge Lien (ordførar i Vestnes kommune)  
3. vara ordførarar Harry Valderhaug (ordførar i Giske kommune)

### Forfall:

Styremedlem Eva Hove (ordførar i Fjord kommune)  
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (kommunalsjef i Ålesund kommune)  
Styremedlem Andreas Chr. Nørve (ass. rådmann i Herøy kommune)  
1. vara rådmenn May-Helen Molvær Grimstad (rådmann i Sykkylven kommune)  
2. vara rådmenn Bente Glomset Vikhagen (ass. rådmann i Ålesund kommune)

### Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal  
Rådgivar Vegard Austnes

### Sak 10/2020: Høyrings svar til fylkeskommunen om NTP 2022-2033

Innleiing ved styreleiar Jan Ove Tryggstad og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal i SR

Godkjenning av referatet frå styremøte nr. 1-2020 tek ein att på neste møte.

Fylkeskommunen er involvert i grunnlagsdokumentet i NTP for 2022-2033. Målet er ein meir overordna og strategisk NTP, med samarbeid mellom aktørane. Det er mange omsyn å ta, og det er eit spørsmål kva regionrådet skal prioritere.

Styreleiar viste til at møtet er med tanke på å samordne eventuell uttale frå Sunnmøre Regionråd (SR) om NTP. Administrasjonen i SR har ei tid arbeidd med høyringssaka om NTP saman med NHO Møre og Romsdal og Romsdal Regionråd (ROR). NTP vart drøfta på førre styremøte saman med ROR 14.-15. januar 2020 på Stordfjord Hotel. Ein har også hatt drøftingar med Orkidé. Forslag til høyrings svar var sendt til styret før møtet.

Forslaget som vart utsendt har fokus på at Møre og Romsdal er eit av dei fylka med størst verdiskaping i Noreg, samt er nest største eksportregion. Difor gjekk forslaget ut på å prioritere transportårer gjennom og inn/ut av fylket, m.a. hovudtransportårer.

ROR hadde gjeve tilbakemelding om at dei går for forslaget til høyringssvar slik det ligg føre. Orkidé sender eige høyringssvar med sine prioriteringar. Volda kommune har svart at dei vil ha med Voldatunnelen i høyringssvaret frå SR. Vidare har SR fått innspel om at Stad skipstunnel bør med.

I drøftinga av saka i styret vart det sagt at ein må skilje mellom regionale interesser og kommunar sine interesser i eit høyringssvar frå SR. Vidare vart det etterlyst perspektiv i forslaget til høyringssvar på det å ta havet og fjordane i bruk (t.d. når det gjeld turisme, eksportthamna i Ålesund, gods på sjø), berekraft, kollektivtrafikk og byvekstvtalar.

Det vart framheva at eksportvegen E136 Ålesund-Dombås er viktig både for region Møre og Romsdal og region Innlandet. Vidare vart det kommentert at det berre vart peika på delar av strekningar på E136 i forslaget til høyringssvar.

Styret drøfta om ein skulle slutte seg til forslaget til høyringssvar som var utsendt til møtet, eller om SR skulle lage eit eige høyringssvar.

Styret kom fram til at ein ville ha tillegg i forslaget til høyringssvar om:

- berekraftsmåla (nytenking, bypakke, byvekstvtalar og kollektivsatsing)
- Stad skipstunnel, samt at meir av transporten må dreiest mot sjøvegen (fisk og gass)
- Eksportvegen E136 (kople Innlandet mot Møre og Romsdal)
- forsterka argumentasjon om kva ein gjer i byane

Det var gjort avtale om at nokre styremedlemmar saman med administrasjonen i SR skulle ha eit arbeidsmøte påfølgjande dag for å arbeide vidare med høyringssvaret frå SR i tråd med styret sine føringar.